

Søknad om dispensasjon og endring av tidlegare gitt løyve. Søknaden omfattar mindre endring av moloutforming, der tidlegare godkjent forlengelse med 10 m (saksnr 2014/2159) vert revidert, slik at moloen vert innkorta og knekt lengre mot aust. Hop mellom kai og molo vert auka frå 6,0 til 8,0 breidde i sørvest / indre del, medan avstand frå molo til landside også vert 8,0 m ved innsegling i nordaust.

Moloen si breidde vert søkt i tråd med slik den er etablert i dag. Omsøkte løysing vil vesentleg redusere lengda, og samla utfyllingsvolum av tidlegare godkjent molo. Moloen får no ei betre oppbygging enn opphavleg omsøkt situasjon i 2011 og 2014. Innkortinga gjev også ein molo som byggjer meir på naturgjeve, grunnare sjøbotn, og dermed også redusert behov for massar/utfylling.

Oppbygginga vert omsøkt i tråd med prinsippa gitt i rapport frå SDI AS. Omsøkt situasjon er no i samsvar med preaksepterte løysingar for molobygging.

Moloen fell innanfor fleire regulerte føremål. Den delen som ligg innanfor kombinert formål industri/lager mv er i samsvar med reguleringsplanen § 1 (sjørelatert verksemd). Plasseringa og breidda av moloen er justert grunna lokale forhold, og behov for lagvis oppbygging i tråd med preaksepterte løysingar for molobygging. Grunna desse justeringane søkjer ein om dispensasjon for den delen av moloen som fell innanfor grøntstruktur § 12 og hamneområde i sjø o_HIS1 og § 11. Det er i reguleringsplanen regulert inn eit smalt grøntområde, som har vore meint å fungere som moloen si ytterside, denne funksjonen vert no i praksis flytta omlag 6-7 m lengre nordvest. Likeeins må ein ta i bruk regulert hamneområde for å få ei god moloavslutning og oppbygging, men det regulerte hamneområdet sin funksjon vil verte vidareført som i dag.

Betongplate på moloen vert etablert i 4,0 m breidde, også følgjer då intensjonane bak reguleringsplanen.

Med helsing

Dokumentet er elektronisk signert

Kristian Råsberg

Fimbul AS – rådgjevande konsulent